



DEN NORSKE KYRKJA

Os sokneråd

Fornyings, -adm.- og kyrkjedept
Postboks 8004 Dep.
0030 OSLO

Deres ref.: **Vår ref.:** **Vår sakshansamar.:** **Arkivkode:** **Dato:**
 13/00024-003 GAH 099 30.08.2013

DET LIVSYNSOPNE SAMFUNN HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ OS SOKNERÅD

1. Os sokneråd sluttar seg i hovudsak til dei 8 prinsipp for heilskapleg tros- og livssynspolitikk som utvalet har lagt til grunn, men vil samstundes streke under at prinsippa må nyttast med klokskap og ikkje vere til hinder for at den kristne kulturarv og den kristne trosarrv har djupe røter i folket og det må vere naturleg at desse omsyn får den romslege plassen den treng.
2. Det er positivt at eksponering av tros- og livssyn kan skje i det offentlege rom og at ein legg til grunn at folk sin tro og livsyn er integrert i personar sin liv, prioriteringar og handlingar.
3. Det er bra at utvalet tydeleg gjer uttrykk for at Staten skal ha ein aktiv støttande tros- og livssynspolitikk og at det leggjast til grunn ein likeverdig behandling. Dette må ikkje vere til hinder for at t.d. kyrkjebygg og andre kulturinstitusjonar vert særleg teke omsyn til når ressursar skal fordelast. Det må og vere eit moment at tros- og livssynssamfunn som har som mål å vere tilstades og kunne betjene folk i heile landet får ressursar som gjer dei i stand til dette (t.d. DnK som skal betjene alle grender, bygder og byar.)
4. Os sokneråd ønskjer framhald av ordning med at tros- og livssynssamfunn kan halde fram med vigsel.
5. Os sokneråd meiner at Den norske kyrkja framleis skal ha forvaltingsansvaret for gravferdsverksemd. DnK har forvalta dette ansvaret på ein god måte, også overfor andre tros- og livssynssamfunn. Det at forvaltinga ligg hjå eit trossamfunn gjev og eit større fokus og kompetanse til å dra tros- og livssynsspørsmålet trygt inn i dette arbeidet og med respekt for mangfaldet.

Venleg helsing
OS SOKNERÅD

GAH

Kyrkjeverje

Adresse:
Postboks 209
5202 OS

Tlf/faks
Tlf: 56572400
Faks: 56572401

E-post/Internett:
post@os.kyrkja.no
www.os.kyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
3201 53 26254
976995155